



# Sund Sokneblad

Nr. 5  
31. oktober 2017  
Årg. 86

## Arbeidet med samanslåing av fellesråda starta



Arbeidet med å slå saman fellesråda i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden har starta for å vera klar til samanslåinga av kommunane 1. januar i 2020. Prosjektleiari er kyrkjevevja i dei tre kommunane, Olav Martin Vik. Tidlegare i haust hadde kyrkjesta-bane i dei tre kommunane ei samling i Hjelme kyrkje. Olav Martin Vik orienterer om arbeidet

side 8-9

### Haustattakfest

Gudstenesta søndag 24. september var ein haustattakfest der ein viser takksemd for den grøda vi får og der nokre døme på den vart vist fram. Og det var song av Vivian Steinsland.

side 4

### Konfirmantane

Konfirmantane i ytre og indre Sund dette året vart presenterte i to gudstenester i Kausland og Sund kyrkjer i september. Vi har namna på dei og bilete av dei to gruppene

side 5

### Bønevandring

8. oktober var det bønevandringsgudsteneste i Kausland kyrkje der ein i gudstenesta kunne gå rundt til ulike stasjonar der t.d. ein kunne skriva ei bøn eller tenna eit lys.

side 10

### Songgudsteneste

Gudstenesta om kvelden 15. oktober var ei songgudsteneste med heile tre kor til stades: Sund Blandakor, Sangkompaniet og Betweeneskoret var nemleg med.

side 13

## Pastoralt perspektiv

### Reformasjon 2017?

I jubileumsåret for den lutherske Reformasjonen lyder eitt av slagorda slik: «*Frelsa er ikkje til sals*». Slik blir vi minna om reformasjonsdagen 31.oktober 1517, då Martin Luther gjekk til kamp mot avlatshandelen der kyrkja gjorde frelsa til ei salgsvare. Slik oppstod refrenget: «Når pengene i kisten klinger, sjelen ut av skjærsilden springer». Og Martin Luther gremma seg! Han tok opp kampen mot denne ubibelske ordninga, og dei 95 tesene hans på kyrkjedøra i Wittenberg vart startskotet for reformasjon og ny kyrkjedanning.

Så har 500 år gått, og mykje har endra seg. Men betyr det at Luther sin reformasjonskamp har gått ut på dato, og at slagordet vårt er irrelevant? Nei, det ser ikkje slik ut! Me driv riktignok ikkje med avlatshandel som for 500 år sidan. Men kva er me opptekne av i 2017? Jau, me er opptekne av vår *kjøpekraft*, og kjempar for å auka den kvart år! Og det er vel ikkje så rart når det også frå våre moderne marknadsplassar blir ropt ut: «Kom og kjøp!» Me er så vant med slike rop, og difor rettar me dagleg blikket mot vår lommebok og bankkonto - i håp om at vår kjøpekraft skal strekkja til også denne månaden. Slik er kommersen, og slik blir den vel også i framtida.

Og då er det vel heller ikkje så rart at me sperrar augene opp og har vanskar med å tru våre eigne øyrer når vi høyrer følgjande rop frå Bibelen: Kom og kjøp – utan pengar! (Jes 55) Er det mulig? Neppe på våre marknadsplassar! Men i Guds rike er det berre *slik* me kan få del i frelsa! Den kan ikkje kjøpast, for den er allerede kjøpt og betalt av Gud sjølv! Og skulle me ha prøvd oss på dette kjøpet – ville me alle som ein fått problem med kjøpekrafta og betalingsevna! Og det nyttar heller ikkje å venta på januar-salet, for frelsa kjem ikkje på billegssal! Den har ein svimlande høg prislapp: Uskuldig blod! Og den kjøpekrafta er det berre Gud sjølv gjennom sin einborne Son, som har!

Og han har brukt kjøpekrafta si! I sin uendelege, grenselause og betingelseslause kjærleik gav Gud sin einborne Son i døden for oss, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. (Joh 3,16) Slik er frelsa tilgjengeleg for alle oss som slit med manglande kjøpekraft og betalingsevne. Ja, den er GRATIS fordi Gud har betalt det den kostar!

Og dermed kan ropet lyda: Kom og kjøp – UTAN pengar! Det er nesten for godt til å vera sant. Men det ER sant, seier Bibelen! Og dette evangeliet har blitt ropt ut i over 2000 år! Men framleis treng me kjøpekraft-mennesker hjelp til å ta imot frelsa som GÅVE! Det fell rett og slett ikkje naturleg for oss. Difor oppfordrar Jesus oss til å sjå på barna, som enno ikkje har vikla seg inn i kjøpekraft-tenkinga: «Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det». (Mark 10,15)

Kanskje me treng ein reformasjon også i 2017?

Kjell-Asle Børnes

## Velkomen til gudsteneste

### 05. november – Allehelgensdag – Matt 5,1-1

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/K.A. Børnes og Hildegunn B. Myklebust. Dåp og Nattverd

*Vi minnest og tenner lys for dei som er gravlagde sidan sist Allehelgensdag.*

Takkoffer: Kirkens SOS

*Song: Vivian Steinsland*

### 12. november – 23. søndag i treeiningstida – Mark 10,28-31

SUND kyrkje kl 18:00 Bønevandringsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd

Takkoffer: Stefanusalliansen

*Song: Sund blandakor*

### 19. nov. – 24. søndag i treeiningstida – Matt 18,1-6.10-14

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

*Musikk: Sund Brass*

### 26. november – Kristi Kongedag – Matt 25,31-46

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Basecamp (Sartor)

SØNDAGSSKULE!

### 03. desember – 1. søndag i adventstida – Luk 4,16-22a

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp

*LysVaken deltar*

Takkoffer: Stjernekorset/Betweenskorset

*Song: Betweenskorset*

### 10. desember – 2. søndag i adventstida – Luk 21,27-36

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjestyss - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 56 33 94 27



Avgangen til Beate Husa og Rønnaug Fjøren vart markert etter gudstenesta 15. oktober.

## Takk til Beate og Rønnaug

To tidlegare tilsette i kyrkje-kontoret vart offisielt takka av etter gudstenesta i Sund kyrkje 15. oktober. Rønnaug Fjøren har vore tilsett på kyrkjekontoret i 18 og eit halvt år og fekk mykje ros av sokneråd-sleiar Brynhild Enerhaug for det arbeidet ho har gjort der. Sjølv fortalde ho at ho hadde likt arbeidet ho hadde hatt og tykte det var kjekt med alle menneska som hadde teke kontakt med kyrkjekontoret i alle desse åra.

Beate Husa gav seg 31. august etter 6 år som kyrkjevevjerje i Sund, og også ho fekk ros for det arbeidet ho har lagt ned i til dels krevjande periodar.

Begge fekk blomar og ein ting med seg heim frå denne markeringa.

Olai Otterå

## Kontorleiar

Prosessen med å finna ein person som kan tilsetjast som kontorleiar ved kyrkjekontoret i Sund, er i gong. Personen som etter kvart blir tilsett, vert tilsett i ei 100% stilling og kjem til å ha ansvaret for den daglege drifta ved kyrkjekontoret.

### Kyrkjevevjerja

Til kva tider den nye kyrkjevevjerja blir å finna på kontoret i Sund, er ikkje bestemt. Han trur heller ikkje desse tidene blir så viktige når ein kontorleiar i full stilling kjem på plass.

## Føremiddagstreff og onsdagstreff

Når dette bladet kjem ut, er det berre eit **føremiddagstreff** att dette semesteret.

**29.11 Kausland kyrkjelydshus**

**kl. 11.30**

Gjest: Egil Morland

Tema: Kyrkja sin kamp - og vår

Dei siste **onsdagstreffa** denne hausten blir 1. november og 6. desember kl. 1100 på Aktivitetssenteret.

## Bli med på LysVaken!

Hei ☺

Er du 11 år og har du lyst til å vere med på noko spennande?

### Lys Vaken!!

Første søndag i advent er det nyttår i kyrkja.

Dette skal vi feire saman med 11-åringar over heile landet!

Natt til 1. søndag i advent, altså laurdag 2. til søndag 3. desember, inviterer vi deg til å bli med på Lys Vaken!

Då skal vi bli kjende med kvarandre, lage gudsteneste, utforske kyrkja, ha leikar, ete god mat og sist, men ikkje minst, sove i kyrkja.

På søndag et vi frukost saman, før vi førebur oss til gudstenesta.

Meir info om Lys Vaken kjem snart til deg i eit brev i posten.

Vi gler oss til å sjå deg.

Venleg helsing  
Dag Reidmar Pettersen  
trusoplærar

# Hausttakkefest i Kausland kyrkje

Mange hadde funne vegen til kyrkja denne dagen. Gledeleg var det å sjå så mange konfirmantar.

Torgeir Børnes vikarierte for kantor Irina Tarasova og spela på klaver. Han akkompagnerte òg til vakker song av Vivian Steinsland.

Karen Boga les teksten om den rike bonden frå Lukas, 12, 13-21. Der sa Jesus til folket: «Ta dykk i vare for all havesykje! For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, om du har aldri så mykje.» Og han fortalde dei så likninga om den rike bonden som tenkte: «Kva skal eg gjera? Eg har ikkje rom åt grøda mi.» Men Gud sa til han: «Du dåre! I denne natt krev dei livet ditt av deg. Kven skal då ha det du har samla?»

I sokneprest Kjell Asle Børnes si preike, samanlikna han med ein annan rik mann som er omtala i både Lukas- og Markusevangeliet. «Det er lettare for ein kamel å gå gjennom eit nålauga enn for ein rik å koma inn i Guds rike.» For å gjera påstanden frå Jesus lettare å forstå, kunne presten fortelja at det skulle ha vore ein port eller passasje i Jerusalem som var så smal og trong og som hadde tilnamnet Nålauga. Her var det ikkje mogleg å få ein kamel gjennom utan å ta all oppakning av den. Slik må me menneske òg kvitta oss med all vår rikdom for å koma gjennom. Forklaringa til presten gav faktisk ein liten aha-oppleving!

*Harold Trellevik*



Over: Nokre ting frå markens grøde vart stilt opp ved altarringen. Til venstre: Vivian Steinsland song under gudstenesta.



Etter gudstenesta var det også denne søndagen kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

# Presentasjon av konfirmantane i Kausland og Sund

Konfirmantane i ytre og indre Sund vart presenterte i gudstenestene i Kausland kyrkje 10. september og i Sund kyrkje 17. september.



FOTO: OLAI OTTERA

## Konfirmantane i ytre Sund

Anne Mari Møller Nøttveit, Elida Øvretveit Berge, Malin Erichsen Solheim, Markus Eriksen Kallestad, Andrine Skjervheim, Oda Kalgraff Aasheim, Sara Haugsøen, Helene Hagen, Malin Baardsen, Pia Søvik Glesnes, Julie Menes, Thea Sylte Glesnes, Regine Glesnes Nesse, Francisca Maria Trellevik, Hedda Kausland, Sindre Gjertsen Unneland, Jonas Langsrud Asphaug, Peder Samuelsen Lokøy, William Svellingen, Emanuel Kalunga jr., Cathrine Sagstad Aspevik, Caroline Kallestad Håkonsund, Emma Sofie Espeseth, Henrik Espeseth, Tobias Kristiansen Risholm, Magnus Eide Bildøy, Maria Gabriela Fjellanger Vardøy, Stine Eidesund Rebnord, Emma Louise Tveit Aasen, Sara Selstø, David Liland Kallestad, Silje Nesse, Endre Horgen Toft, Fredrik Baardsen, Lars André Vabø, Nichlas Kausland, Tage Alexander Evensen Møgster, Mia Helene Nipen Lauvik, Mathias Hagenes, Michelle Harkestad (undervisning annan stad, men konfirmasjon i Kausland).



FOTO: VILDE EKERHOVD

## Konfirmantane i indre Sund

Iselin Birkeland Nilsen, Rasmus Andre Sangolt, Sandra Sleire Vedå, Isak Alvar Nilsson, Thomas Iversen-Skoge, Malin Kvam Andersen, Hedda Fredheim Kleppe, Helene Hammersland, Phillip Drange Revheim, Adrian Eide Kjøpstad, Martin Forland Telle, Kasper Morlandstø Magnussen, Erik Kristian Finsås, Christoffer Nilsen Hermansen, Ruben Forland Rong, Ann-Iren Hatletun Andersen (undervisning i Fjell, men konfirmasjon i Sund), Ingeborg Karia Berge, Monika Yndestad Thon, Rikard Mikal Fredly Viksøy, Teodor Stikholmen, Vegard Kausland, Daniel Slettebakken-Stensrud, Kenneth Vedå Tollefsen, William Menes Førde, Emil Forland, Maja Bredsten Sangolt, Maria Pedersen Lokøy, Silje Grostad Vilhelmsen, Odin Ellertsen, Mathias Nesse, Morgan Aursøy, Frida Marie Forland, Tobias Hammersland Kleppevik.

## Barne og familie- arbeidet i haust

### Stjernekorset og Betweenskorset

Øver i Sund kyrkje:

31. oktober

14. november

28. november

Stjernekorset: kl. 17.30 - 18.30

Betweenskorset: kl. 18.30 - 19.30



### Betweensklubben

Vi møtest i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje kl. 17.30

21. november og

12. desember



### Myldredag i Kausland Kyrkjelydshus

15. november kl. 17.00-19.00

### Myldredagar i Kyrkje- kjellaren i Sund kyrkje

7. november og

5. desember

Kl. 17.00 - 19.00

### Søndagsskule i Sund kyrkje

26. november kl. 11.00

# Frelsa er ikkje til sals

Har du tenkt deg til HIMMELEN?

Då kan du like godt, først som sist leggja vekk både lommeboka og dine forsøk på å bli god nok! For frelsa er ikkje til sals! Og den er heller ikkje mulig å fortæna! Og det er fordi den er GRATIS, og kun blir gitt som GÅVE!

500 år har gått sidan Martin Luther bokstavleg tala *slo* fast at frelsa ikkje er til sals!

Og etter at tesene mot avlatshandelen blei spikra opp på kyrkjedøra i Wittenberg, 31.oktober 1517, blei det ein heil reformasjon ut av det.

Men det spør om vi ikkje treng ein reformasjon også i 2017? For også idag blir vi tuta øyrene fulle med: «Kom og kjøp!» Og om det ikkje er lommeboka vår vi hentar fram når det gjeld vår frelse, så prøver vi iallefall å gjera oss *fortent* til den – på ulike måtar. Det har livet lært oss! Og difor blir vi rett og slett skeptiske når frelsa blir sagt å vera GRATIS.

Ropet frå den gamle, gode boka om å koma og kjøpa UTAN pengar, er nærmast for godt til å vera sant!

Ja, så skada av denne verdens kommers er vi blitt, at vi treng *hjelp* til å motta det som er GRATIS! Og Jesus såg dette allerede for 2000 år sidan! Difor sa han til oss vaksne kjøpekrafts-menneske: «Den som ikkje tek

imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» (Mark 10)

Kva er det med barnet som gjer at Jesus løftar det fram som eksempel for oss vaksne?

Jau, barna er verdsmeistrar i AVHENGIGHET. Dei er avhengig av å FÅ! Og dermed er dei prisgitt gjevarens godhet.

Kva er VI prisgitt? - Vår eiga kjøpekraft og vår eigen fortrefelighet?

## Andakten

Kjære medvandrar: Idag ropar Gud til oss, gjenom den gamle profeten:

«Vend øyret hit og kom til meg, høyr, så skal de leva!» (Jes 55,3)

Så handlar vår frelse om å venda seg ein annan veg enn det kommersen og konsumkulturen seier, og istaden gå mot Gud som står og speidar etter bortkomne døtre og søner. Og når han får auga på oss, spring han oss imøte, gir oss velkomstkysset og ring på fingeren og skor på føtene. Og så blir det fest! For Far har gjort opp for oss til siste øre! Berre slik kan han få sine agnesteinar heim...

Kjell-Asle Børnes

## Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
(samme hus som Ligningskontoret)



# Geir Magnus Nyborg fekk fram låtten

Det var mange som ikkje greidde å halda attende låtten då Geir Magnus Nyborg besøkte Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus onsdag 27. september. Der fortalde han om ulike ting han har opplevd både i oppveksten og seinare, og han gjorde det på ein levande og morosam måte.

For mange er Geir Magnus kjent som mannen som fekk i gong Kystradioen og han som vart redaktør i 1988 då Sotra Nytt og Vest Gula gjekk saman til Vestnytt. Kanskje ikkje like kjent er det at han fekk innført matservering på kommunestyremøta i Øygarden, og alt i 1989 lanserte han og Ivar Fjeld namnet Skjergard som namn på ei samanslåing av dei tre kommunane her vest.

Geir Magnus vaks opp på Askøy, og skulen og bedehuset hadde eit nært samkvem med heimen på den tida. Han hadde ein streng lærar som hevda at «drikk du er du som ein hær utan general» (hovudet vårt er som ein general over ein hær).

På bedehuset var det at misjonskulturen vaks fram, og her kunne ein ikkje syngja på vanlegmåde. Mange vart gripne av seg sjølv, lommeørkleet måtte fram og ein snytte seg

utan særleg med snørr. På bedehuset mintest han òg basarane der eit malingspann med gulmaling gjerne kunne vera ein av gevinstane, og vann ein ein liter med gulmaling, vart rommet måla gult, for ingen kjøpte kvitmalingsviss ein hadde vunne ein boks med gulmaling.

Geir Magnus har budd i fleire land. I USA opplevde han at lengten til Noreg var stor. «Syng meg ein song om Noreg før eg døyr», kunne ein gjerne høyra. I Peru var det òg nokre som sat med same lengten, t.d. Johannes Kleppevik då han skreiv «Tar du med ei helsing». Dei vaksne der blei glade i den songen.

I Bolivia var Geir Magnus i 4 og eit halv år og jobba med eit radioprojekt.

- Mange har mista gnisten for misjonen, meinte han. - Men tenk på alt vi har vore med på i vår tid. Misjonen har bidratt til kristne verdiar, demokrati og helse. Kor mange afrikanske leiarar har ikkje sin bakgrunn frå misjonsskular?

- Vi må ikkje miste trua på at ting kan skje, meinte han. - Vi må vera med å realisera Jesu siste vilje.

*Olai Otterå*



*Geir Magnus Nyborg fortalde om ulike ting han har opplevd opp gjennom livet på ein morosam måte då han var gjest på føremiddagstreffet i september.*



*Geir Magnus saman med Godtfred Haugland ved lunsjbordet som er eit fast innslag på føremiddagstreffa.*

## Julemesse

i kyrkjekjellaren

**18. november kl. 12.00-15.00**

er det tid for ny julemesse/basar  
i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Velkommen til laurdagsgraut og kaker i kaféen!

Her blir det sal av ulike heimelaga produkt,  
tombola, åresal og trekning av loddbøker.

Mange fine gevinstar!

*Inntekta går til oppgåver og fornying innan Sund kyrkjelyd. Tidlegare har vi gitt pengar til fornying av kjøkken og lydanlegg i kyrkjekjellaren.*

Takk for støtte ved loddkjøp og gevinstar!

Vi tek gjerne i mot gevinstar eller salsprodukt  
av ulike slag.

Viss du ynskjer å delta på andre måtar, (t.d. med å hjelpe med arrangementet, koke graut, bake kake eller loddosal,) er vi òg takksame!

# Samanslåing av kyrkjelege fellestråd

**Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman frå 1.1.2020. Som følge av dette vert også dei kyrkjelege fellestråda slått saman med verknad frå same dato. Prosessen med å slå saman fellestråda har starta. Denne prosessen er svært lik den kommunale prosessen. I denne artikkelen vil me informere om det som skal skje framover. Me gir også ei forklaring på dei kyrkjelege råda si rolle.**

Av kyrkjeverje og prosjektleiar Olav Martin Vik

## Kyrkjeleg fellestråd

er eit organ i Den norske kyrkja, og finst i alle norske kommunar. Kyrkjeleg fellestråd såg dagens lys i 1997 ved at den kommunale forvaltninga av kyrkja lokalt innanfor personal, økonomistyring, byggdrift og gravplassforvaltning vart flytta frå kommunen til dette nyoppretta forvaltningsorganet. Kyrkjeleg fellestråd vert rekna som ein del av kommuneforvaltninga, men er ikkje ein del av kommunen sin organisasjon ved at det etter utskillinga er to separate rettssubjekt og har kvar sine folkevalgte organ.

Rådet vert samansett av representantar frå dei valde sokneråda i kommunen. Kommunestyret vel ein kommunal representant til kyrkjeleg fellestråd

Rådet sine oppgåver er å ivareta kyrkjegardar, kyrkjebygg og kontor for kyrkjelege tilsette. Rådet si daglege verksemd vert leia av ei kyrkjeverje. Fellestrådet utarbeidar også planar for det kyrkjelege arbeidet lokalt.

Rådet er arbeidsgivar for dei tilsette i kyrkja som t.d. kyrkjetenar, kyrkjegardsarbeidar, kyrkjelydssekretær, trusoppplærar, organist, kontormedarbeidar, diakon; i praksis alle andre enn prestane og dei statleg tilsette kateketane.

## Kyrkjeverja (kirkeverge)

**er den øvste administrative leiaren i eit kyrkjeleg fellestråd, som finst i kvar kommune i Noreg.**

Kyrkjeverje er ein av dei eldste norske profesjonar og oppstod rundt 1150. Stillinga er nemnt allereie i Frostatingslova: «Det skal vera ombudsmann for kyrkjejordene innafør heradet og sokna...»

Ei kyrkjeverje har ansvar for personalet, økonomistyring, HMS, bygg- og gravplassforvaltning. Kyrkjeverja rapporterer til kyrkjeleg fellestråd.

## Soknerådet

Eit sokneråd er i Den norske kyrkja eit råd samansett av soknepresten og 4, 6, 8 eller 10 medlemmer valde for 4 år av og blant dei som har røysterett i soknet.

Soknerådet har ansvar for å leggje til rette for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i soknet. Soknerådet uttaler seg ved tilsetjing i kyrkjelege stillingar.

Sokna i ein kommune vel representantar til kyrkjeleg fellestråd.

## Sokneråda i Sund, Fjell og Øygarden

Det er 1 sokneråd i Sund. Det er dei same medlemene som i kyrkjeleg fellestråd. I fellestrådet set det også ein kommunal representant. I Fjell er det 3 sokneråd (Foldnes, Fjell og Landro). I Øygarden er det 1 sokneråd slik det er i Sund. Men, dette er eit såkalla samanslått sokneråd med medlemmer frå Hjelme og Blomvåg sokn. Mest sannsynleg vert det også 1 sokneråd i Øygarden frå 2019.

## Kyrkjeleg fellestemnd

Denne nemnda er sett saman av representantar frå fellestråda i Fjell, Sund og Øygarden og ein representant for biskopen. Det set også ein representant frå den kommunale fellestemnda i kyrkjeleg fellestemnd. Nemnda har ansvaret for å slå saman dei tre fellestrådsområda. Nemnda skal ha sitt første møte 18. oktober 2017.

Fellestemnda er samansett slik (faste medlemmer): Erling Vik og Gisle Kårbø Rong (Øygarden), Harald Rød, Jan Ragnvald Torsvik og Dag-Olav Bjørøy (Fjell), Brynhild Enerhaug og Anne Grete Hareide (Sund), prost Erling Kopperud (for prestane/biskopen) og Odd Bjarne Skogestad, for kommunal fellestemnd.

## Ny nettside for informasjon

Mot slutten av 2017 vert det laga ei ny nettside som vert oppdatert med informasjon etter kvart som prosessen med å slå saman fellestråda skrifer fram.





Kyrkestabane i Fjell, Sund og Øygarden på samling i Hjelme kyrkje 30. august.

## Kva skal slåast saman

### I Sund

7 medarbeidarar (heil- og deltidstillingar).

Prestane er ikkje rekna med.

2 kyrkjer med tilhøyrande bygg

3 gravplassar (gamle og nye)

### I Fjell

34 medarbeidarar (heil- og deltidstillignar).

Prestane er ikkje rekna med.

3 kyrkjer med tilhøyrande bygg

6 gravplassar

### I Øygarden

7 medarbeidarar (heil- og deltidstillingar).

Presten er ikkje rekna med.

3 kyrkjer med tilhøyrande bygg

4 gravplassar

For tida er det totalt 48 fast tilsette medarbeidarar som skal gjennom samanslåingsprosessen.

I tillegg kjem alt planverk som skal harmoniserast slik at arbeidet vert godt og målretta.

Forskjellar skal utjamnast, rutinar må byggjast opp på nytt og ein går inn i ei tid med nye IKT-system som krev opplæring.

Ein må finna gode løysingar som gjer at kyrkja er tilstades lokalt.

## Prosessen med å slå saman fellesråda

I 2017 vil ein vere i ein innleiande fase. I 2018 vil ein med tyngde gå inn i alle detaljar. Det er eit omfattande arbeid. Utover i 2019 må ein sjå konturane av den framtidige organisasjonen. Rett over sommaren 2019 må alt vere på plass.

## Prosjektplan

Det er laga ein prosjektplan som er styrande for arbeidet med å slå saman fellesråda.

## Prosjektorganisasjon

Kyrkjeverje Olav Martin Vik skal leie prosjektarbeidet.

Prosjektorganisasjonen vert presentert i neste nummer av kyrkjebladet.

## Kostnadar med samanslåinga

Kommunane som skal slå seg saman har fått midlar til dette frå Staten. Kyrkjeleg fellesnemnd skal ha sin andel av desse midlane til samanslåing av fellesråda, etter søknad til kommunal fellesnemnd.

## Kva skjer med kyrkja lokalt

Dette er eit grunnleggande viktig tema i denne prosessen. Det er viktig å presisere at sokna består. I samanslåingsprosessen vil arbeidet gå som normalt. Det ein må gjere i Øygarden er å ta stilling til om ein skal ha 1 eller 2 sokneråd. Dagens sokneråd har rådd til at det vert 1 råd i «gamle» Øygarden. Namnet bør vere Hjelme og Blomvåg sokneråd.

Det som også vert viktig å diskutere

er korleis ein skal organisere arbeidet lokalt frå og med 2020, i høve til dei tilsette i det nye fellesrådsområdet. I dag er kyrkja og dei kyrkjeleg tilsette tett på folket lokalt. Kyrkja må vere der folk er. Slik vert det også i framtida; - det handlar om korleis dette skal organiserast. Det vert ein del av prosessen og vil også vere tema i sokneråd og i soknemøte.



Arne Dávøy ved bordet bak i kyrkja der ein kunne skriva eit bønønskje og leggja i skåla.

## Bønevandringsgudsteneste

Søndag 8. oktober var det bønevandringsgudsteneste i Kausland kyrkje. Det er ei gudsteneste der ein etter kunngjeringane kunne vandre rundt i kyrkja til ulike stasjonar som er laga til.

Bak i kyrkja var det sett opp eit bord der ein kunne setja seg ned og skriva eit bønønskje som ein la opp i ei skål, og så vart dette teke med av presten etterpå i ei kort fellesbøn: «... Vi løftar denne bønøkorga fram for deg. Kom til oss med din nåde, lækjedom og fred.»

Framme i kyrkja kunne ein leggja av ei

bør ved krossen symbolisert med ein stein, eller ein kunne tenna eit lys i lysgloben. Der var det ikkje nok lys, så nokre måtte nytta seg av telys på bordet ved sida av lysgloben.

Dette var òg ei gudsteneste der Johann Sebastian Blum spelte vakker musikk på celloen sin akkompagnert av Tor Grønn på orgel eller flygel. Dei spelte både til innleiing og avslutning og dessutan «Gabriels obo» rett før preika.

Olai Otterå



Johann Sebastian Blum spelte «Gabriels obo» saman med Tor Grønn på flygel rett før preika. Dei spelte òg både preludium og postludium, då med Grønn ved orgelet.



Lysgloben hadde ikkje plass til alle lysa, så ein måtte nytta telys i tillegg.



Ved krossen kunne ein leggja ned ein stein som symbol på ei bør ein ville leggja av seg.

# Lovsongskveld

Fredag 29. september var den første av to lovsongskveldar i Sund kyrkje denne hausten.

På desse kveldane er det lovsongen som står i sentrum, og sidan ikkje alle songane er like kjende for alle, er det godt at det er nokre forsongarar som leiar songen. Denne kvelden var det Borghild Hustad Berge, Hildegunn Børnes Myklebust og Liv Kari Børnes Honningdal som leia songen med Torgeir Børnes ved flygelet.

Songane kom på rekkje og rad. «Jeg løfter min øyne», «O Jesus du som fyller alt i alle» og «Din trofaste kjærlighet» var nokre av songane i første avdeling. For det var litt pause i songen innimellom der Gerd Tyse Nygård var framme som leiar av kvelden.

Ein pause i songen vart det òg då Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, heldt ein andakt der han kom inn på VM i sykling som nyleg hadde vore i Bergen. Han peika på at gleda ved VM er forbigåande. «I lovsongskvelden kan vi få uttrykkje vår



*Borghild Hustad Berge, Hildegunn Børnes Myklebust og Liv Kari Børnes Honningdal var forsongarar denne kvelden.*

glede, ikkje fordi vi har trent så mykje, men for det Jesus har gjort for oss», sa han og la til: «Ingen prestasjonar kan frelse oss, berre Guds nåde.»

Meir song vart det sjølvsagt, t.d. «Laudate omnes gentes» (Syng lovsong heile jorda) og «Pris din Gud, min sjel» (Bless the Lord my soul).

Desse lovsongskveldane er lagt opp slik at dei vert avslutta med eit felles kveldsmåltid i kyrkjelydssalen bak i kyrkja. Slik var det også denne kvelden. Heilt vanleg mat med brødkiver og pålegg og kaffi eller te attåt.

*Olai Otterå*



*Etter lovsongskvelden kunne ein samlast i kyrkjelydssalen til eit felles kveldsmåltid.*



*Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, heldt andakt.*

## Julemesse

Arbeid og Opplæringscenteret  
i Sund

**torsdag den 7. desember 2017**  
kl. 10.00 – kl. 15.00

(Stad: Arbeid og opplæringscenteret  
finn du på nedsida av  
Aktivitetssenteret)

Velkommen til julemesse på Arbeid  
og opplæringscenteret i Skogsvåg.  
Sal av handlaga produkt  
Kafé

Me held ope for sal elles i året  
kvar dag mellom  
kl. 09.00 – 14.00

KONTANT BETALING

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE

## Temakveld om sorg

Diakonane i prostiet inviterer til Temakveld om sorg,  
**tysdag 16. november kl. 19.00 i Foldnes kyrkje.**

- Sjukehusprest på Haukeland universitetssykehus, Liv Ingrid Sveta, kjem og snakkar over temaet **Sorgens ulike ansikt. Min sorg i møte med alle andres.**
- Glimt frå ei sorggruppe.
- Instrumentalmusikk.
- Kaffi og frukt.

Det vert høve til å melda seg på sorggruppe i etterkant.

**Hjarsteleg velkomne**

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



**SUND APOTEK**  
Tlf. 56 33 88 80

**SUND SOLSTUDIO**



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**

Et det med  
Blomster

**Sund Senter  
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01



Sund Blandakor og Sangkompaniet hadde slått seg saman til eitt kor denne kvelden leia av Ann Jorunn Hillersøy.

## Songgudsteneste i Sund kyrkje

Det var på mange måtar ei vanleg gudsteneste med både dåp og nattverd. Men gudstenesta 15. oktober var klokka seks om kvelden, og heile tre kor var med og song, og difor vart det kalla ei song-gudsteneste.

Sund Blandakor og Sangkompaniet hadde gått saman til eitt kor denne kvelden og song både til innleiing og til

avslutning. I tillegg song dei Johannes Kleppevik sin vakre song «Eg har ein engel med meg på vegen» rett etter preika til Kjell-Asle Børnes.

Vi må sjølv sagt ikkje gløyma Betweenskoret som òg var med med fin song, og dei song òg Velsigninga mot slutten.

*Olai Otterå*



Fin song av Betweenskoret.

## Kven er verst?

Den danske presten og forfattern Johannes Møllehave fortel i ein av bøkene sine om ein nyttilsett fengselsprest som skulle halde si fyrste gudsteneste. Rett før han skal begynne, kjem han på at han ikkje har fått nokre til å lese inngangsbønna. I full fart gir han ein som sit på fyrste benk i fengselsskapellet arket med teksten, og ber han lese bønna. Mannen blir litt overraska, men les den klart og fint.

Neste dag fekk presten kritikk: Visste han kven han hadde fått til å lese bønna? Det var ein mann med ein langvarig dom for eit grufullt brotsverk. Sånne kunne ikkje lese ei bønn i kyrkja!

– Kven skal eg spørje, då? spurte presten. – Kanskje ein som berre har stole noko?

Men det var heller ikkje godt nok. – Men det må då vere nokon i denne kyrkjelyden som aldri har gjort noko galt? sa presten. Då gjekk poenget opp for kritikarane: «For alle har synda og manglar Guds herlegdom.» (Rom 3,23).

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

### Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

### Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## Vil du vere med?

### Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

### Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffivertoppgåver.

### Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag - fredag kl. 08.00 - 17.00: **922 18 817**

Utanom desse tidene kan ein ved akutt behov for presteneste som ikkje kan vente, bruke beredskapsordninga i prostiet (sjå nedanfor).

## BEREDSKAPSORDNINGA I PROSTIET

I tidsrommet 17.00 - 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste frå prest, tenester som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod om døyande, sjelesorgstøtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på: **954 83 655**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE



**Sund**  
**Bok**



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG  
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

## Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

**Velkommen du òg!**

**Døypte****Kausland kyrkje 10. sept.**

Espen Hadler-Skogen  
Ellinor Miliana Howard

**Sund kyrkje 17. september**

Markus Kausland Harestad  
Olai Vardøy Stokdal  
Henrik Schütt

**Sund kyrkje 1. oktober**

Olav Sangolt Arefjord  
Matheo Børnes  
Victor Havås Espeseth  
Olivia Wikum-Olsen  
Jenny Wikum-Olsen

**Sund kyrkje 15. oktober**

Enzo Emilio Vestgård

**Kausland kyrkje 22. okt.**

Gilberto Zuliani Fossberg  
Ella Sofie Taraldset  
Lilly Anne Lind Eide  
Mikkel Glesnes Eide  
Oliver Moe-Sæle  
Astrid Storebø

**Gravlagde****Solheim kapell 5. sept.**

Einar Tydal  
(bisett i Solheim kapell, vert  
gravlagd i Klokkarvik)

**Kausland kyrkje 7. sept.**

Rønnaug Ormseth

**Sund kyrkje 6. oktober**

Einar Kaalaas

**Kausland kyrkje 13. okt.**

Ingemund Kåre Midttveit

**Sund kyrkje 20. oktober**

Einar Sigurd Forland

**Samtale og sjelesorg**

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
GRAVFERD

**Kyrkjekontoret****Besøksadresse:**

Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje  
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

**Kontor og sentralbord ope:**

Tysdag og fredag ..... kl. 09.00 - 14.00  
Onsdag ..... kl. 11.00 - 14.00

**E-post:** kyrkjekontoret@sund.kommune.no

**Telefon:** Sentralbord ..... 56 31 90 80

**Personale:**

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
sokneprest mobil 414 16 667  
E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Olav Martin Vik ..... 93 26 44 00  
kyrkjevevjerje  
E-post: ov769@kyrkja.no

Irina Tarasova ..... 47 45 06 06  
kantor (morspermisjon til juni 2018)  
E-post: irina\_piano\_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust ..... 47 70 76 98  
diakon (vikar)  
E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen ..... 47 70 79 52  
trusopplærer  
E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland ..... 47 71 66 93  
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes ..... 90 36 75 47  
kyrkjegardsarbeidar  
E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Brynhild Enerehaug ..... 90 08 00 96  
soknerådsleiar  
E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

**Sund**  
**Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Kyrkjevegen 30,  
5378 Klokkarvik

**Konto:** 3000.15.98194

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Otterå

**Redaksjon:**

Olai Otterå ..... 928 93 057

**E-post:**

sund.sokneblad@bkkfiber.no

**Trykk:**

Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 2.400



Illustrasjonsbilete.

## Skuffa over statsbudsjettet i kyrkja

KA meiner regjeringa sviktar kyrkjebygga på nytt og byggjer ned folkekyrkja. Kyrkjerådsdirektøren kallar budsjettet svakt.

KA, kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon, reagerer sterkt på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett der Den norske kyrkje får ei rammeløyving på 1.991 millionar. Det er ein auke på 1,1 prosent medan lønsveksten vert venta å vera på 3,0 prosent.

– Regjeringa seier no i realiteten nei til statlege bidrag til tiltak for å styrkja vedlikehald og sikring av kyrkjebygg. Dette reagerer KA sterkt på, seier administrerende direktør Frank Grimstad i ei pressemelding.

Ifølgje KA har Stortinget fleire gonger peikt på behovet for statlege tiltak for betre kyrkjebyggforvaltning. I 2015 vedtok Stortinget at regjeringa skulle utarbeida ein strategi for korleis kyrkjer med store kulturminneverdiar kan sikrast eit forsvarleg vedlikehaldsnivå. Stortinget bad spesielt regjeringa om å vurdere skiping av bevaringsprogram for kyrkjer.

– Regjeringa har så langt ikkje følgd opp dette vedtaket, og ingen tiltak er omtalt i forslaget til ny lovgiving og finansieringsordning for trus- og livssynssamfunn. Heller ikkje i statsbudsjettet for 2018 vert det foreslege nokon tiltak

frå staten si sida overfor dei nesten 1000 kyrkjene som er kategorisert som freda eller verneverdige, seier Grimstad.

### – Svakt kyrkjebudsjett

Heller ikkje Kirkerådet er nøgd med det foreslegne statsbudsjettet.

– Dette er nok eit svakt kyrkjebudsjett, seier kyrkjerådsdirektør Jens-Petter Johnsen til avisa Vårt Land. Han meiner minst 30 stillingar må kuttast og reagerer på at løyvinga ikkje følgjer anteken lønsauke.

– Det er ganske spesielt sidan staten, så lenge dei hadde arbeidsgivaransvaret for prestane og administrasjonen i kyrkja, følgde lønsveksten. No har dei gjeve frå seg det ansvaret og då vil dei ikkje dekkja lønsveksten lenger, seier kyrkjerådsdirektøren.

Øg Grimstad i KA reagerer på dette.

– Forslaget til statsbudsjett er ei nedbygging av prestetenesta og trusopplæringa i ein kvardag der behovet for kyrkjeleg nærvær er like stort som før. Det er eit paradoks at så fort staten gjev frå seg arbeidsgivaransvaret for dei tilsette i kyrkja til kyrkja sjølv, kuttar dei aktivt i personalkostnadene. Dermed vert det særskilt krevjande å vera arbeidsgivar, seier Grimstad. (KPK)

## Kuttar støtta til kristent lydbibliotek

– Dette er ein katastrofe for tilbodet vårt om lydbøker til blinde og svaksynte, seier generalsekretær Ingvar Nevland i KABB.

Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte (KABB) tilbyr kristen litteratur på lyd, og har opplevd ein sterk vekst i mengd syns- og lesehemma lånarar det siste året.

Regjeringa foreslår no å kutta løyvinga til KABB sitt lydbibliotek med 25 prosent. I statsbudsjettet er tilskottet til bibliotekdrifta til organisasjonen redusert frå 3,2 til 2,5 millionar kroner.

– Det statlege tilskottet til lydbiblioteket fekk ein auke i 2015, og gav oss høve til å gje eit betre tilbod og vi trong ikkje lengre å subsidiera eit offentleg tilbod i same grad som tidlegare, seier generalsekretæren til KABB, Ingvar Nevland, i ei pressemelding.

I fjor auka tilskottet til KABB mindre enn den generelle prisstiginga.

– No er vi tilbake der vi var. Om dette vert resultatet av budsjetthandsaminga, må vi redusera tilbodet vårt. Vi skulle heller bygga ut, blant anna med produksjon av fleire tidsskrift for utlån, seier Nevland.

KABB har eit budsjett på ca. 8,5 millionar kroner, og nesten ein tredjedel av inntektene er frivillige gæver.

– Vi jobbar allereie med veldig knappe marginar, og kan ikkje forventa at givarane skal bidra med endå 700 000 kroner i ei hand vending, seier generalsekretæren. (KPK)